

Vekeplan for 3.trinn

	Veke 45	
Tema: Demokrati og medborgarskap		

Mål veke 45

Norsk	Eg kan skriva tekst til bilete og reflektera over korleis det er å leve i Etiopia.
Matematikk	Eg kan leggje til eller trekke frå 1, 10 og 100.
Engelsk	Eg kan: I am, you are, he/she/it is
KRLE	Eg veit kva ei gruppe er og veit om nokre gruppper eg er ein del av.
Sosialt	Eg veit at på Frøyland snakkar me fint til kvarandre.

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Stilleles Fellessamling	Gym	Stilleles Norsk	Symjing/KRLE	Stilleles Norsk
2.økt	Etiopia	Norsk/Etiopia	Matematikk	Matematikk	Matematikk
3.økt	Norsk	Engelsk	Sponsorløp	Etiopia	Etiopia
4.økt	Matematikk				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00



Leksebingo veke 45



Lag eit kort til nokon du bryr deg om. Teikn gjerne og.	Spel eit brettspel saman med nokon.	Sei noko fint til alle i familien.	Dekk på bordet til middag.
Gå ut med søppel.	Finn ei bok heime som du likar, og les den for nokon heime.	Inviter heim nokon som du ikkje leikar med så ofte.	Hjelp til med å lage middag heime.
Gjer ein småjobb heime, og gje pengane til «Mødreheimen, Ye-Amalk Lijoch».	Fortel heime om noko som du har lært er ulikt i Norge og Etiopia.	Gje massasje til ein av foreldra dine.	Ta ein telefon eller send ei melding/ biletmelding til nokon du bryr deg om. Fortel kva dei betyr for deg.

Veke 45 er «Innsats for andre – veke». Denne veka skal du gjere lekser på ein litt anna måte. Kor mange ruter på bingobrettet greier du å krysse av i løpet av veka?



Informasjon til heimen

Åpen dag: Torsdag 6. november kl 17.00-19.00 er det Åpen dag på skulen. Les meir om dette på det som har blitt sendt ut på Visma.

Utviklingssamtale: Det blir Utviklingssamtale i veke 47 og 48. Innkallinga kjem på visma. På denne samtalen i haust skal ikkje eleven være med.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det er gym kvar tysdag. Elevane skal dusje etter gymtimane. **Dei skal kun vaske kroppen, ikkje håret.** Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe.

Symjing: torsdag i 1.økt. Vi tek buss til Bryne ungdomsskule kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.

Elevane må ha med seg badeklede, badehette, handkle, shampo, kroppssåpe og ein plastpose til å ha dei blaute badekleda oppi. Dersom nokon har fotvorte (sjekk nøye), må dei ha med eit ekstra par med reine sokker (dei må dusje og bade med sokk på). Merk ALT med namn, og la eleven vere med å pakke symjebagen slik at dei veit kva dei har med seg.

Symjegruppe 2: (veke 42-47)

Mamadou Yero, Aron B, Thor, Sondre S, Sille, Mia, Tiril, Theo, Kasper, Adam, Roberts, Olander, Lasse, Elle Sophi, Emmelin, Vilde, Elea, Sigvart, Allan, Aron U, Aksel, Marie, Sophia, Ina, Lisa, Mina, Julie.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at vi veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

Vi ønskjer alle ei fin veke 😊

Helsing Safeta, Randi, Espen, Mia, Berit og Brita